

# KYRKJEBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD


Nr. 1/98

## BISPE- VISITAS

I tida 3. - 8. mars vert det bispevisitas ved biskop Ole D. Hagesæther (biletet til høgre).

På side 5 finn de intervju med biskopen, og på side 4 kan de lesa meir om visitasen.

På baksida finn de oversyn over gudstenester med mellom anna visitas-gudstenesta 8. mars og andre gudstenester under visitasen.



## 70 ÅR SIDAN STORSKRED

På side 7 kan de lesa om dei to storskredene som gjekk på Fosse i Eksingedalen 9. februar 1928, der to menneske omkom.




Foto: Fotograf Sjøvoll

## LES I DETTE NR.

På side 3 kan de lesa om dei to nye kantorane våre.

På side 6 finn de bilete av fire-åringar frå Dale, Nesheim og Eksingedalen.

19. januar var det opptak av nye jente- og gutespeidarar på Vaksdal. Les om det side 9.

Den Internasjonale kvinnebønedagen vert markert den 6. mars. Les om den side 9.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan  
4. mars 1998.

Bladet kjem ut i veke 14 som byrjar  
med 30. mars.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5280 Dalekvam  
Tlf. 56 59 61 20

**Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag**  
kl. 09.00-13.30

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20  
Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88  
Mobiltlf. 94 55 12 87

**Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje  
Tlf. kontor 56 59 44 54  
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR  
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr. 100,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar:  
Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar:  
Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.  
Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

**LEIAR****Søndag**

I stykket om dei nye kantorane tok Tone Synneøve Steinkopf til ordre for at me måtte vera meir mobile og ta turen til dei ymse kyrkjene om søndagen.

Og det burde vera noko me la oss på hjarta. I dei seinare åra har søndagen meir og meir vorte ein dag som er lik alle andre for stadig fleire.

I Herbrearbrevet i Bibelen står det i det 10. kapitlet: «*Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden samlast, som somme plar gjera; men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg*».

Så lat oss finna vår plass i Guds hus den dagen og på den måten få næring til det åndelege livet vårt. Anten det nå er gudsteneste, søndagskule eller andre møte.

I ein barnesong heiter det:

«*I morgon er det søndag, det skinner over jord, den deiligste av dagene for liten og for stor. Med kirkegang og klokkeklang og tur i skog og hei. I morgon er det søndag og all verden gleder seg*».

Vel møtt i Guds hus.

Ragnvald Kringlebotten


**Kontingent**

Vedlagt i bladet finn de innbetalings blankett for kontingent til Kyrkjebladet.

Kontingenten er kr. 100,-. Me vonar flest mogeleg vil vera med å støtta bladet på denne måten, slik at me kan vera i stand til å laga eit best mogeleg kyrkjeblad.

Dersom de finn å kunna gje meir enn kontingenten er me takksame for det.

Red.

**KYRKJESTADEN**

**DALE 100 ÅR**

**Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje

biletstoff både i svart/kvit og i

fargar og er til sals for:

**kr. 150,-**

**hjá Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.**

Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 61 20

## Nye kantorar på plass

Så er omsider dei to nye kantorana komme til Vakdal prestegjeld. Det er ekteparet Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Arne Olav Steinkopf. Dei har installert seg på Stanghelle med tei to barna Ingrid, omlag 2,5 år og Sigurd, omlag 6 månader.

Dei skal ha fast teneste i Dale, Vakdsdal, Bergsdalen og Stamnes kyrkjer i tilegg til Stanghelle bedehus.

Første teneste hadde dei i Vakdal kyrkje 18. januar og deretter stod Stamnes, Dale og Bergsdalen for tur. Alle stader er dei vel mottekne.

Før dei kom til Vakdsdal var dei orga-

nistar i Rødtvedt og Høybråten kyrkjer i Oslo.

Dei er begge to opprinneleg fødd i Bergen, men har budde ymse stader rundt i landet. Tone Synnøve har dessutan vore ein periode i Afrika saman med foreldra.

På kyrkjekaffien etter gudstenesta på Dale fekk dei spørsmål om dei hadde noko ynskje for Vakdsdal, då svara Tone Synnøve at ho kunne ynskja seg at me kunne vera meir mobile og også ta turen til dei kyrkjene me ikkje sokna til. På den måten vart me fleire og songen vart sterkare.

-Det ville vera ein fin inspirasjon i tensta, sa Tone Synnøve.

Me vil seinare koma attende med meir utfyllande informasjon om dei.

Me ynskjer alle fire hjarteleg velkomne til Vakdsdal kommune.

R.K.



Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf fekk blomar frå formann i Dale sokneråd i Ingrid Leiren. Her er dei saman med borna Ingrid og Sigurd.

Foto. Ragnvald Kringlebotten



På kyrkjekaffien i Dale bedehus sytte Ragnhild Nordmark (ved pianoet) og Helen Lunde Stamnes for song og musikk.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



VAKSDAL  
PRESTEGJELD  
Den norske kyrkja

B I S P E V I S I T A S  
3 . - 8 . m a r s 1 9 9 8

## Lange dagar for biskop Hagesæther ...

Dei dagane biskop Hagesæther er på visitas i Vaksdal prestegjeld er han på farten så og seie heile dagen. Eit par timar om ettermiddagen er alt han kan rekne med å få av kviletid. Men slik vil det vere, når vårt prestegjeld skal visiterast. Biskopen må rekne med om lag 30 mil med bilskjøring, og då dette skjer i byrjinga av mars, vil han truleg få røynt seg på vintervegane hjå oss.

Nokre av dei eldre i kommunen får særskild høve til å møte biskopen nå han kjem til andakt på Vaksdal sjukeheim og på Daletunet. Det vert og eit særskild møte med leiinga i Vaksdal kommune ein av dagane, der kommunen inviterer til middag og drøftingar av aktuelle spørsmål. Biskopen skal elles mellom anna ha samtalar med prestane, og kontrollere kyrkjebøker og protokollar.

## Gudstenester og møte med skuleelevane

Visitasen vert avslutta med visitasgudsteneste i Dale kyrkje og kyrkjekaffi i Dale bedehus. Før dette, har han vore med i skulegudstenester på Vaksdal, Dale og Starnes, og skule- og familiegudstenester i Bergsdalen og Eksingedalen (Nesheim kyrkje). Til desse to siste gudstenestane er bygdefolket særskild innbedne, men alle gudstenestene er opne for alle som vil vere med. I Bergsdalen og Eksingedalen er det kyrkjekaffi etter gudstenestene. Her vert det servering av varmmett, kaffi og kaker, eit kort program, og høve til å helse på biskopen. Mest alle grunnskuleelevane i Vaksdal får høve til å møte biskopen, då det på ungdomsskulen vil verte ein spørjetime med biskopen. På førehand vil ungdomane førebu spørsmål, og biskopen må svare på dei på strak arm.

## ....og seine kveldar

Biskopen møter med dei tilsette i heile prestegjeldet om kvelden den fyrste dagen av visitasen.

Andre kvelden møter han medlemmane i sokneråda og nokre av dei tilsette til eit samrådsmøte. Her vil ulike høve verta drøfta, som til dømes vegen vidare i sokneråda og Kyrkjeleg Fellestråd sitt arbeid.

Torsdagskvelden inviterer Fellestrådet til fest for friviljuge medarbeidarar i det kristne arbeidet i prestegjeldet.

Fredagskvelden er ungdomane sitt særskilde høve til å møte biskopen. Han skal vitje Fredags-kafeen på Starnes bedehus og ungdomane i Vaksdal Kristelege Ungdomslag i Vaksdal bedehus.

## Bedriftsbesøk

For biskopen er det av interesse å verte kjend med nokre av dei største arbeidsplassane der han er på visitas. Særleg gjeld dette såkalla hjørnesteinsbedrifter. Hjå oss det lagt inn to slike postar i visitasprogrammet: Biskopen vitjer «Mylnæ» på Vaksdal tysdagen, og Dale A/S og DGT onsdagen. Her vil han få omvisning, orientering om mellom anna verksemda sin plass i lokalsamfunnet, og høve til å møte tilsette.

## Stamvegen

Spørsmål omkring trafikkhøva på Stamvegen vil vere tema for eit møte mellom biskopen og ulike instansar og personar som har noko med dette å gjere.

*Eg ser verkeleg fram til denne visitasen, her vert det stor breidde!*

*Biskop Ole D. Hagesæther*

## Biskopen kjem ikkje åleine

Prosten i Hardanger og Voss prosti, Knut A. Knutsen, vert og med under heile visitasen. Frå bispekontoret elles vil mellom anna stiftskapellan Helge Taranrød vere med i deler av programmet. Biskopen får og med seg kona, Else Liv, siste delen av torsdagen, og fyrste delen av fredagen. Eksingedalen ville ho gjerne få høve til å vitje!

# Biskop Ole D. Hagesæther til Vaksdal

I samband med at det skal vera bispevisitas i Vaksdal prestegjeld i tida 3. - 8. mars har me stilt nokre spørsmål til biskopen.

-Kor lenge har de vore biskop i Bjørgvin?

-Før eg svarar på spørsmålet vil eg sei at eg gler meg verkeleg til denne visitasen. Det er sett av ein dag ekstra ettersom prestegjeldet er så stort og oppdelt. Målet er å nå flest mogeleg på ein god måte.

-Så over til spørsmålet. Når visitasen tek til i Vaksdal har eg vore nokså nøyaktig tre og eit halvt år i Bjørgvin. Ettersom dette bispedømet er det største i landet, og Bjørgvin-bispen også har tilsyn med kyrkja i utlandet, har det vore ei tid med spaning og utfordringar, gode, nære møte med den einskilde parallelt med storhendingar og jubileer, seier Hagesæther.

-Visitasar - var de med på mange slike i 1997?

-Det har vore vanleg at ein har åtte fulle visitasar kvart år. I fjor var Rotterdam den sydlegaste stasjonen og Davik det nordlegaste prestegjeldet eg visiterte.

## Forventningar

-Kva forventningar har de til visitasen i Vaksdal prestegjeld?

-Eg vil gjerne at det skal vera eit ærleg møte mellom biskop og kyrkjelyd. Eg vil vite korleis de har det både i lokalsamfunnet og i kyrkjelydsarbeidet. Dei tilsette vil eg nok bruke mest tid på.

-Kva ser de som noko av det viktigaste med ein visitas?

-Det blir ein herleg blanding av

inspeksjon og inspirasjon. Kvar eg fer, ynskjer eg jo å teikne Kristus for kyrkjelyden. Men eg vil óg gjerne nå den einskilde og gje dykk frimod til liv og teneste.

## Stamvegen

-Er det noko de ser særleg fram til å vera med på?

-Stamvegen går jo gjennom Vaksdal prestegjeld. Kvar gong eg les om ulukker langs med vegane, vert eg sorgfull. Eg har bede om å få drøfta trafikktryggleiken medan eg er hjå dykk. Det er altfor mange som har mista liv og lemmer nett der de bur.

Elles er kona mi, Else Liv, fødd på Stanghelle. Der må me inn og sjå. Eksingedalen har far min fortalt mykje om, eg er glad me skal dit óg.

Sjølv er eg vaksen opp på Rjukan og kjenner industristaden. Mest på godt, litt på vondt.

Eg ser verkeleg fram til denne visitasen, her vert det stor breidde!

-Har de vore i nokre av dei sju kyrkjene i Vaksdal tidlegare?

-Eg har ete nistepakka mi på trappa utanfor Bergsdalen kyrkje ein sommardag for hundre år sidan. Det er visst det næraste eg har vore kyrkjene dykkar. Men no skal me fylle dei med song og born og glede, avsluttar biskop Hagesæther som ynskjer alle vel møtt til visitas dagar.

Me sluttar oss til dette ynskje frå biskopen og takkar for praten.

R.K.



Biskop Ole D. Hagesæther kjem til Vaksdal i mars.

Foto: Fotograf Sjøvoll





Fireåringar som fekk utlevert «Mi kyrkjebok» i Dale kyrkje 23. november 1997. Me ser dei her saman med sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



4-åringar som fekk «Mi kyrkjebok» i Eksingedalen kyrkje 7. desember 1997. Me ser Solveig Carlsen tv. og Linda Merete Lavik saman med Bård-Egil Dyrhol.

Foto: Magnar Nese



4-åringar som fekk «Mi kyrkjebok» i Nesheim kyrkje 30. november 1997. Me ser Ann-Kristin Fosse tv. og Sigrid Nese saman med Bård-Egil Dyrhol og dokka «Fidus»

Foto: Magnar Nese

## 70 år sidan storskredene på Fosse i Eksingedalen

-9. februar i år var det 70 år sidan det gjekk to store snøskred på Fosse i Eksingedalen, fortel Gudleik Nesheim. Han var ein av dei som opplevde det og han var med å grov fram dei to som omkom. Den gongen var han 21 år gamal.

### Berrfrost

-Kva var det som var den utløysande faktor for skredene?

-Det byrja med at det var berrfrost heile hausten og særleg i desember. I desember 1927 var det ekstremt kaldt heile månaden. Opp mot 30 minusgrader på det meste. Så kom heile januar med mykje snøfall. Det var omlag 2 meter ned i dalen og truleg endå meir i fjellet.

Men det som verkeleg gjorde utslaget slik at skredene gjekk, var at det 8. februar og natta til 9. februar, kom mykje regn, seier Gudleik Nesheim.


### To skreder

-Kva tid gjekk skredene?

-Dei gjekk i grålysinga den 9. februar. Det var altså to skreder. Den første kom frå nordsida. Den var det ein bekk som utløyste. Torkjell Fosse, som omkom, var i fjosen for å berga ut dyra då skreda kom. Han hadde to søner med seg, men dei var redda av ein frå nabobruket som fekk rive opp golvet i låa og dradd dei opp.

Det andre skredet kom frå sørsida og for tvers over elva og like opp til husa, avsluttar Gudleik Nesheim, som seier at det ingen som rekna med at det skulle gå ras frå den sida. Dette raset tok huset til Augustin Fosse, som miste mor si i skredet.

Tunet som vart råka i den første skreda vart seinare flytta til ein plass som vert kalla Tveite.



Dette biletet frå raset på Fosse er teke av Åsvald Lavik.

## Frå farne tider

Denne gongen tek me med nokre glimnt frå januar og februar nummeret i 1958.

### Isvanskar

Det var store isvanskar både ute i fjorden ved Vaksdal og Bruvik og inne ved Stamnes. I fleire dagar var det uråd å halda skyssrutene oppe. Og når isen gjekk kom snøen og laga vanskar på vegane. Det var ein har etterjulsvinter. Men trøysta var at sola vann seg høgare og høgare etter kvart.

### Organist

6. januar 1958 vart Aksel Flatjord tilsett som organist ved Dale kyrkje og som song- og musikkinstruktør. Flatjord vart fødd 9. desember 1931.

### Jubileum

28. januar 1958 høgtida Vaksdal Kvinneforening for Den Norske Sjømannsmisjon 50-års jubileet sitt.

Fru Mellesdal leidde festen og talen var ved Alf B. Danielsen (tidlegare sjømannsprest). Birger Olsnes sytte for solosong og musikk var det ved organist Rolf Larsen.

Fru lensmann Kvalvaag fekk blommar som takk for medlemskap i alle femti åra. Edvé Melcher heldt ein tale til henne som var krydra med både skjemt og alvor.

Det vart uttrykt både lukke og signing for det vidare arbeidet for «våre landsmenn i det fjerne og på havet».



**På bildet ser me Kyrkjeleg fellesråd i Vaksdal prestegjeld for 1998 - 2001.**

Framme fv. Eidrun Straume Normann, Tove Margrethe Nordmark (formann) og Haldis Fjellanger.

Bak fv. Otto Berg (komm.rep.), Roald Brekke (nestformann), Ståle Hol, Albert Gullbrå og Frode Kvamsø (geistleg rep.).

## TILSETTE I KYRKJENE

### DALE KYRKJE

Klokkar: Eli Kringlebotten  
Kyrkjetenar: Ove Alvheim  
Reinhaldar (vikar): Marit Vassdal

### EIDSLAND KYRKJE

Kyrkjetenar: Harald Neset  
Reinhaldar: Marit Århus Myster  
Kyrkjegardsarbeidar: Asle Myster

### VAKSDAL KYRKJE

Klokkar: Bjørn Knutsen  
Kyrkjetenar: Leif Eilifsen  
Reinhaldar: Katrine Audestad

### EKSINGEDALEN KYRKJE

Klokkar og kyrkjetenar :  
Siv-Aina Gullbrå  
Reinhaldar: Mari Odland Trefall

### STAMNES KYRKJE

Klokkar: Olav Gammersvik  
Kyrkjetenar: Hans Brørvik  
Reinhaldar og kyrkjegardsarbeidar:  
Vigdis Solhaug

### NESHEIM KYRKJE

Klokkar: Johan J.Gullbrå  
Kyrkjetenarar: Knut Fjellanger og  
Magnar Nese  
Reinhaldar: Oddny Fjellanger  
Kyrkjegardsarbeidar: Magnar Nese

### BERGSDALEN KYRKJE

Klokkar og kyrkjetenar:  
Per Småbrekke  
Reinhaldar: Roald Brekke  
Kyrkjegardsarbeidar: Tormod Lid

### Organistar / Kantorar:

Tone Synnøve Øygard Steinkopf  
Olav Arne Steinkopf  
Asbjørn Nese

### Formenn i sokneråda:

**Dale:** Ingrid Leiren

**Vaksdal:** Sollaug Boge

**Bergsdalen:**

Lise-Lotte Småbrekke

**Stamnes:**

Ove Magne Straume

**Eksingedalen:**

Asbjørn Lavik

**Nesheim:**

Anne Synnøve Nesheim





## Opptak av speidarar

Måndag 19. januar var det opptak av nye speidarar på Vaksdal. Det er to grupper på Vaksdal, **Vaksdal 1 KFUK og 1. Vaksdal KFUM.**

Det var opptak av både jente- og gutespeidarar. Det er omlag 10 sidan det var gutespeidarar i Vaksdal kommune, då var det på Stanghelle.

Gunvor Bjørsvik orienterte litt om korleis speidarrørsla vart starta og korleis det gjekk til at det vart speidarar på Vaksdal.

Først var det jentespeidarane sin tur. Det var det opptak av Stifinnarar, Speidarar og Rangerar. Av gutespeidarar var det opptak av Ulveungar, Speidarar, Roverar og Per Nordmark som ny speidarleiar. Per Nordmark heldt andakt og elles sytte speidarane for at me fekk litt for både magen og smilebandet. På bi-letet under er både nye og gamle speidarar samla i Vaksdal bedehus 19. januar.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

R.K.



## Bønedag



Den Internasjonale Kvinnebønedagen vert i 1998 markert over heile verda fredag 6. mars. Programmet kjem frå eit nytt land kvart år, og denne gongen er materialet laga på Madagaskar.

Dette er eit land Noreg har lange tradisjonar for samarbeid med. Det Norske Misjonsselskap og Det Norske Bibvælselskap har derfor gått saman om å invitera kvinner frå Madagaskar til Noreg for å merkera dagen saman med oss.

Tema for bønedagen er «Kven er min neste» med utgangspunkt i likninga om den miskunnsame samaritanen. Kvinner vert opp-

moda til å koma saman frå ulike trussamfunn i lokalmiljøet denne dagen - i bøn og gudstenestefering.

**Dagen vil også verta markert i Dale kyrkje, om ettermiddagen den 6. mars. Tidspunkt for samlinga er ikkje helit klart ennå, men vil verta kunngjort ved oppslag.**

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

SNEKKER  
**KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074



MEMLEMSFORDELER



**kjøpeutbytte**

**DALE HANDELSFORENING**

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02

Nye Dale

**VERTSHUS**

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

**NB! Vær tidlig ute med  
koldtbordbestilling til konfirmasjonen.**

**Trelast og byggevarer**

**DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5280 Dalekvam



**PETERSEN & YPSØY AS**

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80

Salg av nye og brukte biler

Service alle bilmerker

Karosseri og lakk

Bilberging



**DALE BIL AS**

TLF 56 59 80 89 - FAX 56 59 60 04  
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Kafe Dale - 56 59 60 90

Kiosk - Stanghelle - 56 59 53 33

Me leverer:

\* Kaldtbord \* Snittar \* Pizza

Be om forslag/Pris



MEMLEMSFORDELER



**kjøpeutbytte**


Voss Samvirke

Avd. Vaksdal Senter Tlf. 56 59 75 01

**Bygg Mix, Vaksdal Senter Tlf. 56 59 71 10**

Avd. Eidsland Tlf. 56 59 56 55

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20



**Brød for  
Verda**

Kirkens Nødhjelp sin aksjon i fastetida.

Retten til mat er tema for årets KN-aksjon i fastetida. Det handlar om at menneske har rett til å få den mat dei treng for å leva og vera friske. Ein rett som er bibelsk og som er slegen fast av FN.

Pengane som vert samla inn går til alt arbeidet Kirkens Nødhjelp driv, men fokus vert sett på India.

Aksjonsdagen er 31. mars og Kirkens Nødhjelp vonar då at 35.000 unge og vaksne bøssebeararar over heile landet då vert med og samlar inn ved å gå frå dør til dør. Målet er 15,5 millionar i år.

På Dale og Vaksdal vert det innsamling den den 31. mars frå omlag kl. 17.00 og utover.

Elles kan du levera fastebøsser i kyrkjene.

**Retting**

Under fotoet for 50-årskonfirmantane på Dale i 1947 hadde me diverre gløymt eit namn. Det var Ingolf Seim. Han er nummer tre frå høgre i bakerste rekkje. I tillegg skal namnet på personen i 3. rekke nr. 5 frå venstre vera Kåre Helle og ikkje Kåre Stanghelle.



**LEIR**

**SÆTERVIKA**

Vinterleir 26.02-01.03 8-12 år

Påskeleir 3.-7. april 12-14 år

For påmelding og pris,  
ta kontakt med:

Norsk Luthersk  
Misjonssamband,  
Ø. Muralm. 18,  
5021 Bergen  
Tlf. 55 32 12 52

**MEN KVEN SKAL  
EG SNAKKA MED?  
KAN DU LYTTA?**

Kirkens SOS treng fleire frivillige medarbeidarar. Vi tilbyr ei ryddig teneste med innføringskurs og vegleiing så lenge du er med i tenesta.

Du må vera over 22 år og du må kunna lytta meir enn du snakkar sjølv. Dersom innringjaren bed om det, må du kunna be ei bøn.

Velkomen til eit utruleg gode medarbeidarmiljø og ei utfordrande og meningsfull teneste.

**Ring Kirkens SOS.**  
Tlf. 55 32 58 45 på dagtid.

**Brød for  
Verda**



**Ring 820 43 033**

(du gjev 100 kroner)

Det kan gje skulegang og mat for eitt barn i India i ein månad



POSTBOKS 4544 TORSHOV  
0404 OSLO



**Svar på  
julespørsmål**

Som me skreiv i julenummeret skulle me koma med svara på spørsmåla på barnesida. Her er dei.

1. Immanuel tyder «Gud er med oss».
2. Mor til Jesus er Maria
3. Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.
4. Det var hyrdingane Englane song for på markene.
5. Vismennene gav Jesus Gull, Røykelse og Myrra.

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**


23.11 Malin Gjerme Jakobsen  
23.11 Nicolai Rolland Sellevold

**VAKSDAL**

04.01 Stine Kallestad Solstad

**STAMNES**

19.10 Preben Kleppe Lilletvedt

**AVLIDNE****DALE**


17.12 Olav Valestrand, f.1922  
17.12 Johannes Rolland, f.1914  
29.12 Leif Rønhovde, 1902  
10.01 Bjørn Seim, 1935

**VAKSDAL**

01.12 Marit Inger Hvidsten, f.1943  
07.12 Ole Johannes Langhelle, f. 1991  
28.12 Nancy Ege Faugstad, f. 1912  
15.01 Alfild Nancy Ulevik, f. 1917  
18.01 Haldis Flåm Tolås, f.1937  
26.01 Klara Sæterdal f. 1899

**STAMNES**

16.12 Ingebjørg Strømme, f. 1892  
04.01 Anne Lill Lilletvedt Aas, f.1979



# VELKOMEN TIL KYRKJE

**25.februar - Oskeonsdag****STANGHELLE BEDEHUS**

kl.19.00 Fastegudsteneste.  
Dyrhol.

**1.mars - 1. søndag i faste**

**STAMNES kl.11.** Dyrhol.  
Nattverd. Offer til Kirkens  
Bymisjon.

**VAKSDAL kl.18.** Dyrhol.

Nattverd. Offer til Kirkens bymi-  
sjon.

**8.mars - 2. søndag i faste**

**DALE kl. 11.** Visitasgudsteneste.  
Biskop Hagesæther. Kvamsøe.  
Dyrhol. Nattverd. Offer til  
Björgvin Bispedømeråd.  
Kyrkjekaffi.

**15.mars - 3.søndag i faste**

**VAKSDAL kl. 11.** Dyrhol.  
Nattverd. Offer til De fire diako-  
ni-institusjonene.

**NESHEIM kl. 11.** Kvamsøe  
Nattverd. Offer til Den Norske  
Santalmisjon.

**22.mars - Maria bodskapsdag**

**DALE kl. 11.** Dyrhol. Nattverd.  
Offer til Bibelskulen på Bildøy.

**EIDSLAND kl. 11.** Kvamsøe.  
Nattv. Offer til AAN -  
Rådgivingskontor for gravide.

**STAMNES kl.18.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til AAN -  
Rådgivingskontor for gravide.

**29.mars - 5.søndag i faste**

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til IKO.  
**EKSINGEDALEN kl.11.**  
Dyrhol. Nattverd.

**5.april - Palmesøndag**

**DALE kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Den norske  
Sjømannsmisjon.

**NESHEIM kl.11.** Familie-  
gudsteneste. Dyrhol. Offer til  
Kirkens Nødhjelp.

**BERGSDALEN kl.12.30**  
Sportsandakt i Bergsøyane.  
Kvamsøe.

## Gudstenester i samband med bispevisitasen

**Tysdag 3. mars****Vaksdal kyrkje kl. 11.00**

Skule-gudsteneste ved Dyrhol  
og Hagesæther.

**Onsdag 4. mars****Stamnes kyrkje kl. 13.15**

Skule-gudsteneste ved Dyrhol  
og Hagesæther.

**Tordag 5. mars****Dale kyrkje kl. 11.00**

Skule-gudsteneste ved Kvamsøe  
og Hagesæther.

**Tordag 5. mars****Bergsdalen kyrkje kl. 12.30**

Skule- og familiegudsteneste ved  
Dyrhol og Hagesæther.  
Kyrkjekaffi i Kyrkjesalen etter  
gudstenesta.

**Fredag 6. mars****Nesheim kyrkje kl. 13.30**

Skule- og familiegudsteneste ved  
Kvamsøe og Hagesæther.  
Kyrkjekaffi på skulen etter  
gudstenesta.

**Sundag 8. mars****Dale kyrkje kl. 11.00**

Visitasgudsteneste ved Hagesæther  
og Knutsen.  
Gudsteneste vert avslutta med  
visitas møte og biskopen sitt  
visitasforedrag.  
Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi  
i Dale bedehus.